


Dette er ein annleis bok om ei stavkyrkje og området rundt kyrkja!



Her får du veta mykje du ikkje visste om stavkyrkja, prestegarden og området rundt, satt inn i ein større samanhang.

Kva er eigentleg ei *stavkyrkje*? Korleis vart ho slik ho er i dag?

Kva veit du om *gravminne* og *gravsteinar*? – Mykje har endra seg på kyrkjegarden sidan mellomalderen!

Korleis har den *vakre hagen* i prestegarden vokse fram til det du ser i dag? Kva for mangfald av blomster og andre vekster finn du i hagen i dag?

Korleis var det å *vekse opp* i prestegarden? Kva veit vi om prestane og familiane deira som har budd i prestegarden? Kor mange hus har det vore her gjennom tidene? Korleis vart *låven* så spanande å sjå innom i vår tid?

Kva var ein *klukkargard* – og kvifor er klukkargarden Grov borte medan klukkargarden *Halstad* er i betre stand enn nokon gong før? Var dette verkeleg kommunesenter i fleire hundre år?

Gildesvollen, med jordfunn eldre enn kyrkja, kvifor budde det ikkje folk her før 1936?

Kva er det mørke, lafta huset nedanfor kyrkja? Kvifor er *prestegarden* i dag eit *kunst- og kultursenter*? Korleis har *vegane* gått gjennom denne delen av Gudbrandsdalen gjennom tidene? Kva finn vi langs vegen til *Høgkleiva*?

Kyrkjeklokkene, har dei vore her til uminnelege tider? Er det ei kopling med denne kyrkja, desse kyrkjeklokkene og det Lars Mytting skriv om i boka *Søsterklokkene*?

Ringebu Historielag står bak denne boka, saman med ein redaksjon og *mange dyktige skribentar og fotografar*. Boka er rikt illustrert med nye, vakre foto – og ei mengde eldre foto og kart.

**Om du bur i bygda eller ikkje,
her kan du bli godt kjent med meir om
dette vakre og spanande som fins i området kring stavkyrkja.**

Vonar boka blir til glede og inspirasjon!

Torveig Dahl
Redaktør

Boka **kostar 450 kroner** og kan bestillast frå
Ringebu Historielag, post@ringebu-historielag.no
eller Norli Bokhandel, ringebu@norli.no